ALVER
KOMMUNE

Norconsult As Avd Bergen
Postboks 1199 Sentrum
5811 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Mona Hermansen<br>Vår: 21/10221 - 22/69362 | Jan Roald Wolff Treni<br>jan.roald.wolff.treni@alver.kommune.no | 14.09.2022 |

# Uttale til planforslag for Tonesmarka gbnr.322/4 m.fl - revidert planmateriell

Alver kommune v/Samferdsle. Veg, vatn og avlaup har tidlegare gitt uttale til VA-rammeplan, og tek revisjon til orientering. Rammeplan kan sjåast på som godkjent i regulerings føremål.

Før søk om rammeløyve skal det føreligge godkjent komplett teknisk plan.

Visar elles til tekst frå Va-norm for Alver kommune:

<u>3.0 Generelt – Lokal bestemmelser for Alver</u>

Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det følgje ein VA rammeplan. Denne planen skal vere godkjent før reguleringsplanen kan vedtakast.

VA-rammeplanen skal bestå av utgreiingar, planteikningar og andre nødvendige illustrasjonar/teikningar. Det skal utarbeidast eit plankart i målestokk >1:2000 som viser hovudtrasear (kommunale og private), brannsvassdekning, løysingar for overvasshandtering, pumpestasjonar mm. Planen skal avklare eigartilhøva til nye VA- leidningar (private eller kommunale). For nærare innhald og oppbygging av VA rammeplanen, blir det vist til vedlegg B 1: Sjekkliste for VA – rammeplan.

Komplett teknisk plan med teikningar, beskrivelse, kapasitetsberekningar skal sendast til kommunen/VA-verksemda for godkjenning før det blir gitt rammeløyve. Detaljert prosjektering av VA-anlegg skal vere basert på prinsippa i VA-rammeplanen. Kravet om teknisk plan gjeld for utbygging av 5 eller fleire bueiningar/fritidseiningar og næringsområde. For nærare innhald i teknisk plan blir det vist til vedlegg B 2: Sjekkliste for teknisk plan og sluttdokumentasjon av VA-anlegg.

Korrigerte teikningar og «som bygd teikningar» skal inngå i sluttdokumentasjonen for prosjektet jamfør punkt 3.9. i VA-norma.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Jan Roald Wolff Treni |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Merethe Tvedt

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Norconsult As Avd Bergen | Postboks 1199 Sentrum | 5811 | BERGEN |